

## Årsmelding for Hella bedehus, 6. mars 2016

Årsmøtet i fjor vart halde 8. februar. Frammøtet kunne vore betre, men ikkje dei frammette.

2015 har vore eit jamt bra år, med mange ting å gle seg over.

Frammøtet av vaksne til ulike aktivitetar på bedehuset har vore gledeleg, og i Aktivitetsklubben har vi fått ein kjerne på bortimot 20 «faste» deltakarar, og like mange som kjem ofte eller av og til. Nytt dette skuleåret er at vi har innført medlemspengar. Leiarteamet på Hella har vore uendra. Til tider kan me vera 7 vaksne.

Den tradisjonelle familiejulefesten drog det nye året i gang med stor oppslutnad.

Julefesten med Frelsesarmèen sitt korps i Ladegården måtte avlysast pga. Nina sin ankomst.

Det samla talet kveldsmøte på bedehuset vart lågare i 2015 enn i 2014, då Misjonssambandet hadde to samanhangande møteveker om hausten.

Song- og musikkmøta ved bymisjonærane og songkoret Jabel samla mykje folk. Til påskemåltidet palmesøndag og 17.mai-festen der Gunnar Kartveit var festtalar, var også frammettet godt. Likeeins til Frelsesarmèen sitt påskemøte 2. påskedag.

Frammøtet til dei tre basarane var som vanleg svært bra, og Sommarbasaren passerte 100.000 kr også i 2015. Dette i hovudsak takka vere Kirsten sin innsats før sjølve basardagen, som vanleg.

Utanom Myntevik og Vindenes har talarane elles i året har vore Audun Hjellvik, Reidun Skurtveit og Roald Evensen frå Indremisjonen, og Dagfinn Brandsæter frå Misjonssambandet.

Huset har vorte nytta til både konfirmasjonsfest, fødselsdagsfeiringar og minnesamvær i året som gjekk. At mange av borna i Aktivitetsklubben ønskjer å feira fødselsdagen sin her, er svært gledeleg.

Styret har berre hatt tre styremøte i 2015.

Planane for lagerbygg har vorte drøfta, og endra frå tilbygg langs nordsida, til eige bygg i nord-austre enden av parkeringsplassen. Gunnvald Hella har teikna eit praktisk bygg på 4 X 12 m, med rom for utstyr som er plasskrevjande i sjølve

bedehuset når det ikkje er i bruk.

Statens Vegvesen har godkjent oppføringa, og den endelege byggesøknaden ligg no til handsaming i kommunen.

Golvbelegget i møtesalen er ikkje mindre slite i år enn i fjor, og vil verta skifta så snart vi har pengar til det.

Av gode investeringar i 2015, må nemnast at vi betalte leiropphald på Raknestunet for 7 av medlemmene i Aktivitetsklubben. Eit populært tiltak! Og like fullt 194.832 kr på konto ved utgangen av året.

Styret har vore det same sidan 2011, med meg som leiar, Sølv som nestleiar, Nils som kasserar og Else og Jorunn som styremedlemer. Varafolk har heile tida vore Gudrun Rikstad og Inger Christensen. Tusen takk for eit godt arbeidsår til alle dykk, og Trygve og Bjørg som alltid stiller opp når det trengs! De er fantastiske medarbeidarar. Vil og takka Helen og Kirsten spesielt. De er begge lenka til styret sine påfunn på ein spesiell måte, og du verda kor glad eg er for det.

I år er det Else, Nils og Sølv som står på val, i tillegg til Gudrun og Inger som varafolk og Åsmund Stray Nordberg som revisor.

Hella, 6.mars 2015

Steinar Vågenes

Kirsten Vestrehuin  
Else Hella